

Standard innkjøpsbetingelsar for Sartor & Drange AS

1. Verkeområde

Desse innkjøpsbetingelsane gjeld for alle bestillingar og avtalar om leveransar og tenester til Sartor & Drange AS, dersom ikkje anna er skriftleg avtalt.

2. Avtalegrunnlag og prioritet

Avtalen omfattar bestilling/kontrakt, desse innkjøpsbetingelsane og eventuelle vedlegg.

Ved motstrid gjeld dokumenta i følgjande rekkefølge:

- a) Bestilling/kontrakt
- b) Desse innkjøpsbetingelsane
- c) Vedlegg i den rekkefølga dei er lista i avtalen

Leverandøren sine eigne standardvilkår gjeld berre dersom dei er skriftleg aksepterte av Sartor & Drange AS.

3. Leverandøren sitt ansvar

Leveransen skal vere i samsvar med avtalen og gjeldande lovverk.

Bruk av underleverandør krev skriftleg godkjenning frå Sartor & Drange AS. Slik godkjenning endrar ikkje leverandøren sitt ansvar etter avtalen.

4. Ethiske krav

Leverandøren skal drive si verksemd i samsvar med Sartor & Drange AS sine etiske retningslinjer og sikre at eventuelle underleverandørar gjer det same. Dokumentasjon skal kunne leggast fram på førespurnad. Vesentlege brot kan gi grunnlag for heving av avtalen.

5. Seriositet og motverknad av sosial dumping

Leverandøren skal etterleve gjeldande regelverk om løns- og arbeidsvilkår, inkludert allmenngjorde tariffavtalar der dette gjeld. Arbeidstakarar som medverkar til oppfylling av avtalen skal ikkje ha dårlegare vilkår enn det som følgjer av gjeldande regelverk eller landsomfattande tariffavtalar for bransjen.

Leverandøren skal sikre tilsvarende vilkår hos underleverandørar og kunne dokumentere etterleving på førespurnad.

Vesentlege brot kan gi grunnlag for heving av avtalen.

6. HMS, miljø og kvalitet

Leverandøren skal ha eit dokumentert og velfungerande system for:

- HMS og arbeidsmiljø
- Miljøleing
- Kvalitetssikring

Sertifisering (t.d. ISO-standardar eller tilsvarende ordningar) anbefalast. Dokumentasjon skal kunne leggast fram på førespurnad. Vesentlege avvik kan gi grunnlag for heving av avtalen.

7. Ordre og endringar

Ordrestadfesting skal sendast innan 3 dagar etter bestilling. Endringar i bestilling eller leveranse skal avtalast skriftleg.

8. Pris

Prisane er faste i avtaleperioden dersom ikkje anna er avtalt. Prisane er eksklusive meirverdiavgift.

9. Levering

Levering skal skje til avtalt tid og stad.

Ved levering av tenester skal arbeidet starte til avtalt tidspunkt og tilpassast prosjektet sin framdrift.

Tidleg levering av varer skal avklarast på førehand. Dersom varer vert levert for tidleg utan avtale, kan Sartor & Drange AS returnere dei eller krevje dekning av dokumenterte meirkostnader. Dersom varer vert levert for seint, kan SD krevje erstatning for økonomisk tap. Leverandøren har ansvar for nødvendig transportforsikring.

10. Forseinking

Dersom leveransen kan bli forseinka, skal leverandøren varsle utan ugrunna opphald og opplyse om årsak og planlagde tiltak.

Ved vesentleg forseinking kan Sartor & Drange AS krevje erstatning for dokumentert tap og eventuelt heve avtalen.

11. Fakturering og betaling

Faktura skal sendast etter at leveransen er levert/utført og skal vere korrekt og tilstrekkeleg dokumentert.

Betaling skjer innan 45 dagar etter mottak av korrekt faktura. Overdraging av krav krev skriftleg samtykke.

12. Avbestilling

Sartor & Drange AS kan avbestille heile eller delar av leveransen. Ved avbestilling vert dokumenterte og nødvendige kostnader som direkte følgje av avbestillinga dekte.

13. Immaterielle rettar

Leverandøren er ansvarleg for at leveransen ikkje krenkjer tredjepart sine immaterielle rettar, og skal halde Sartor & Drange AS skadeslaus ved eventuelle krav grunnet påståtte krenkingar.

14. Openheitslova

Leverandøren skal etterleve krava i Åpenheitsloven og kunne dokumentere aktsomheitsvurderingar knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og leverandørkjede. Vesentlege brot kan gi grunnlag for heving av avtalen.